
Saksnr:	2020/42274-4
Saksbehandlar:	John Anton Gladsø
Dato	22.12.2020

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Forvaltningsplanar etter vassforskrifta

Vassregionane i Norge lagar no nye forvaltningsplanar etter vassforskrifta, som skal gjelde for perioden 2022-2027. Vassregionane følgjer nedbørsgrensene (vasskilja) og ikkje dei administrative fylkesgrensene. Dette inneber at Vestland fylke har eit areal i vassforvaltningsplanane for Rogaland vassregion, Vestfold og Telemark vassregion, Innlandet og Viken vassregion og Møre og Romsdal vassregion. Oversikt over areal Vestland fylke har i andre vassregionar går fram av dei rosa felta i kartet under. Dei ulike blå områda er vassområda i Vestland vassregion.

Det er i regelen fylkesutvalet som legg regionale planar ut på høyring. I tida framover må Vestland fylkeskommune gjere vedtak om å leggje vassforvaltningsplanane frå dei andre fylkeskommunane ut på høyring. Areal Vestland fylke har i nabovassregionane er små, sjå kart under, og administrasjonen melder med dette at vi difor vil leggje ut på høyring disse planane frå nabovassregionane administrativt. Vår eigen vassforvaltningsplan for Vestland vassregion kjem, som plan og bygningslova legg opp til, som sak i hovudutval for næring og fylkesutval med vedtak om å leggje ut på høyring. Så dette notatet gjeld kun vassforvaltningsplanar for nabovassregionane. Sjå elles kart som ligg under her.

